



**Saksframlegg**

**Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

**Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark**

**Vedlegg:**

- 1 Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall vedtatt styret RV 23.11.2016
- 2 Protokoll styremøte Renovest IKS 23.11.16

**Bakgrunn for saka:**

Behovet for å justere/tilpasse føresegnene til sentralt lovverk med føresegner for området.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019 i sektor for plan og teknikk:*

*Vi skal ha eit kvalitetssikra tenestetilbod og fokus på klima og miljøtiltak.*

I selskapsavtala mellom Renovest IKS og kommunane er det fastslege at alle medlemskommunane skal ha felles renovasjonsføresegner, jf. § 4 i selskapsavtala.

Dei nye føresegnene er i stor grad i samsvar med tidlegare føresegner, men skil seg ut på 2 områder.

- 1: Alle hytteabonnentar må no betale same gebyr.
- 2: Hytter som ligg meir enn 2 km frå heilårs bilveg kan søkje om fritak frå ordninga.

Det er ikkje lenger tillate etter forureiningslova og avfallsføresegna og pålegge abonnenten eit gebyr som tek omsyn til hans/hennes bruk eller belastning av ordninga.

Vegleiaren for avfallsgebyr seier klart at "gebyret skal dekke kommunen sine kostnader knytt til handtering av hushaldsavfallet, men ikkje på ein slik måte at det speglar den faktiske bruk den einskilde eigedom nyttiggjer seg tilbodet".

Den einaste måten ein kan differensiere gebyr på er når ein tilbyr ulik grad av sortering.

Dette medfører at ordninga med miniabonnement for einslege sansynlegvis er i strid med regelverket.

Desse konklusjonane er stikk i strid med resonnementet i føresegn for vatn og avløpsgebyr, samt feie og tilsynsgebyret.

I desse samanhengar blir det oppfordra til å ta omsyn til belastning på ordninga.

Når det gjeld hytter, har ein teke bort satsen for høgstandard hytter og fjerntliggande hytter og laga ei ordning med felles gebyr for alle hytter.

Hytter/eigedomar som ligg meir enn 2 km frå køyrbar heilårsveg kan søkje fritak, (jf.

Føresegnene § 20 punkt B).

Ein må regne med at mange etter kvart då vil søkje fritak frå den tvungne renovasjonen.

Ein annan konsekvens er at gebyret for hushaldningar vil gå opp med omlag 20 % og gebyret for fritidseigedomar blir omlag 25 % rimelegare.

### **Konklusjon:**

I medhald av selskapsavtala mellom Renovest IKS og kommunane skal alle medlemskommunane ha felles føresegner.

For å få føresegner som er i samsvar med sentrale lovar og føresegner, rår ein til at dei nye føresegnene blir godkjent slik dei ligg føre med verknad frå 01.01.2017.

### **Innstilling frå rådmannen:**

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark blir godkjent slik ho ligg føre, og innført med verknad frå 01.01.2017.

I budsjettsaka til kommunestyret legg ein opp til ei trinnvis auk i gebyra med finansiering frå renovasjonsfondet.

Ketil O. Kiland	
Rådmann	Arild Metveit
	kommunalsjef plan og teknikk